



Lindås kommune

Dato: 07.10.2015

Vår ref.: 2015/9261-3

Saksbehandlar: inggase

Dykkar ref.:

Dispensasjonssøknad - pbl § 19 - Eikanger Vassverk - gnr 210 bnr 1 - Myr - Lindås kommune. Kulturminnefagleg fråsegn.

Vi viser til brev datert 08.09.2015. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormynde for kulturminnevern.

Vi gjør merksam på at Hordaland fylkeskommune for tida handsamer dispensasjonssaker berre med omsyn til kulturminneinteresser, og føreset at kommunen sjølv vurderer andre sider av saka.

Kva saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNFR-føremålet i kommuneplanen og byggeforbodet langs sjø og vassdrag.

Det omsøkte tiltaket gjeld etablering av leidningsnett for vatn og avløp, for området frå innerst i Eikangervågen og fram til Myrgrense. Anlegget skal knytast til eksisterande kommunalt leidningsnett i Eikangervågen. Det nye hovudnettet skal etter utbygging i privat regi, over til kommunal eige og drift. Anlegg og organisering er planlagt i nært samarbeid med VA-avdelinga i kommunen og tilrettelagt og dimensjonert for å inngå som del av eit større framtidig hovudnett.

Kulturminnefagleg vurdering

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne i området.

Bergen Sjøfartsmuseum har ingen merknader i saka. Vi ber om at ein tek etterhald om at dersom det under arbeidet dukker opp sag/kvern, stemmer (demningar) eller andre marine eller maritime kulturminne, må ein stanse arbeidet og kontakte Bergen Sjøfartsmuseum.

Vi ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland